

Vest-Telemark

Næringsutvikling AS

Til Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Vår dato:

05.05.2008

Vår ref.:

2008/00216-169

Dykkar dato:

Mottatt: 08 MAI 2008

Dykkar ref.:

Sendt som:

Saksbehandler:	Arkiv:
Post: SPR/SEB/1AA	479
Kopi:	Avskr.:

Høyring om endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov vedr. bu- og driveplikta.

Det er viktig at dei endringane som no blir forslått kan medverke til å styrke lokal busetting og ta vare på produktiv jord. Endringane må medverke til å auke rettssikkerheten, hindre rettsaker om odlingsjord og buplikt og gjera reglene lettare å handheve. Vi meiner departementet sitt framlegg til endringar er eit godt utgangspunkt for å styrke desse omsyna.

Generelle kommentarar:

- Det noverande regelverket har etter fleire revisjonar blitt vanskeleg og innvikla. Dei er mogne for gjennomgang og det er viktig at dette kan resultere i eit forenklinga regelverket. Reglane må bli meir målretta og eintydige.
- Det må framleis leggest til grunn ei individuell handsaming av saker som gjeld spørsmål om eigedomen er odelseigedom og er hefta med bu- og driveplikt. Men reglane som sakene skal målast mot må bli enklare og lettare gje grunnlag for ein konklusjon.
- I samband med handsaminga av landbruksrapporten frå Vest-Telemark har Vest-Telemarktinget uttalt at " Buplikta bør skjerpast både i høve til regelverk og praktisering. I utgangspunktet bør buplikta vera av varig karakter og avgrensinga til 50 % regelen for overnatting bør avskaffast. Dispensasjonsreglar bør utviklast ut frå situasjonen for busettinga i området. 0-grense for konsesjonsplikt bør vurderast i dei kommunane som er etterspurte i høve til fritidshusvære. Det er viktig at fritidsinteressantar ikkje konkurrerer ut dei som ynskjer å bu fast. Det er viktig at konsesjonslova sitt landbruksomgrep også omfattar utmarkseigedomar. Det er naturleg at store utmarkseigedomar med verdifulle næringsressursar også må gje grunnlag for å krevje buplikt i kommunen.
- Vest-Telemark er eksempel på eit område som treng fleire innbyggjarar som kan ta del i å oppretthalde og vidareføre kultur- og miljøverdiane som er knytt til gardane og småbygdene våre. Då held det ikkje med nokre spreidde helgebepesøk gjennom året. Då treng vi folk som er tilstades og tek del i lokalsamfunnet med busetting, ungar i skulen, bruk av nærbutikken, deltaking i idrettslag og skulekorps, - ja i det heile er med å skaper ei levande bygd. Og ein av dei aller viktigaste ressursane vi har for busetting er landbrukseigedomane våre. Det er det samfunnsmessige innhaldet i buplikta som særleg trengst å styrkast.

Postadresse:
Postboks 107
3850 KVITSEID
www.vest-telemark.no

Kontorplass:
Granlivegen 1A
Kviteseid

Telefon/fax:
Sentralbord: 350 68400
Fax: 350 68401
e-post: hm@vest-telemark.no

Bank: Sparebanken Sør
Konto: 2660.65 05514
Føretaksnummer:
929 212 029

Særlege kommentarar:

- Vi er positive til at reglane om buplikt etter odelslova i hovudsak blir flytt over til konsesjonslova, og at reglane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova blir flytt til jordlova
- Vi er positive til at grensa for buplikt ved erverv av bebygd eigedom blir justera opp frå 20 daa *fulldyrka* jord til 25 daa *dyrka* jord (inkl. overflatedyrka) eller over 350 dekar produktiv skog.
- Vi er positive til at grensa for konsesjonsplikt ved erverv av bebygd eigedom aukast til 25 dekar dyrka mark så lenge dette også inkluderar overflatdedyrka areal. Arealgrensa på 100 dekar totalareal bør behaldast som i dag, 100 dekar er meir enn stor nok fritidseigedom.
- Vi er positive til at kravet til odelsjord blir auka til 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- Vi er positive til at det blir spørsmål om arealgrenser som er avgjerande når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odelsjord. Det vil sei at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal gjerast ein konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogeiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- Vi er positive til att den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søke konsesjon, dvs at adgangen til å søke fritak frå buplikta faller bort, og at det blir gjeve nærare reglar for konsesjonsvurderinga i disse tilfella.
- Vi er negative til at buplikt bare kan oppfylles ved at eigaren er registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen. Det må vera høve til å kontrollere om dette er ei reell busetting.
- Vi er positive til at driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ein overdraging, og vera varig.
- Vi er positive til at slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.
- Vi er positive til at det blir innført buplikt i kommunen ved overtaking av større utmarkseigedom. Vi meiner ei høveleg grense her kan vere >5000 dekar.
- Vi er positive til framlegget om konsesjonsplikt for framtidige generasjonar for overtaking av fritidsbustad som tidlegare har vore fast bustad.

Med vennleg helsing
Vest-Telemark Næringsutvikling AS

Øystein Høgetveit, styreleiar
(sign,)


Henry Mæland, dagleg leiar

Tlf. direkte: 350 68406 Mobil: 908 61565

Postadresse:	Kontorplass:	Telefon/fax:	Bank: Sparebanken Sør
Postboks 107	Granlivegen 1A	Sentralbord: 350 68400	Konto: 2660.65 05514
3850 KVITSEID	Kviteseid	Fax: 350 68401	Føretaksnummer:
www.vest-telemark.no		e-post: hm@vest-telemark.no	929 212 029
